
Arkivkode:
Saksnummer: 2016/2944

Orienteringssak: **b**
Møte: 14. mars 2016

Rekneskapsrapport per februar 2016

Bakgrunn

Det er tidleg på året og vanskeleg å dra konklusjonar basert på analyse av rekneskapen. Det vi ser etter denne fyrste analysen av rekneskap mot budsjett for 2016, er at det er ein del avvik som skuldast feil periodisering i budsjettet, og at det vil vere nødvendig å gjere nokre justeringar i budsjettet.

På grunntildelinga (GB) ser vi at inntekter frå KD, instituttinntekter og samla kostnadar alle er noko høgare enn i same periode i fjor, og at det er fleire avvik frå budsjett som skuldast tekniske forhold i budsjettet.

Innanfor bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er aktiviteten auka samanlikna med same periode i fjor og innbetalingane er på omtrent same nivå som per februar 2015. Auke i aktivitet skuldast hovudsakeleg høgare NFR-bidragsaktivitet ved Institutt for geovitenskap (GEO), i stor grad knytt til nasjonal infrastruktur. Samanlikna med budsjettet har aktiviteten per februar vore lågare enn venta og innbetalingane høgare.

Fakultetsdirektørens kommentar

Fakultetet har for 2016 budsjettet med driftsunderskot på fakultetsnivået for å skjerme institutta mot resultatnedgang. Dette, saman med det faktum at fakultetsnivået har med seg underskot frå 2015, gjer at fakultetet er avhengig av at institutta samla sett går med overskot i 2016, for å gå i balanse. Det styrast mot balanse, og prognose for overføring til 2016 er derfor null.

Usikkerheita som ligg i at det endå er tidleg på året gjer at fakultetet innanfor BOA sett prognosen lik budsjettmål for 2016.

Det vil i 2016 bli satt i gang arbeid med å betre treffsikkerheita på prognosane ved fakultetet.

Forslag til vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per februar 2016 til orientering.

Bergen, 8. mars 2016


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per februar 2016


Økonomirapport MN per februar 2016

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per februar 2010-2016




Figur 2 Utvikling BOA per februar 2010-2016



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per februar i perioden 2010-2016, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 7,4 % årleg per februar i perioden 2010-2016, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auka på 6,2 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg prosentvis årleg vekst i perioden 4,9 % for GB og 3,1 % BOA, når ein bruker budsjetterte inntekter for 2016. At auken i GB er høgare pr. februar skuldast auke i midlertidige strategiske tildelingar som vert utbetalt i februar. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per februar 2016 tydeleg høgare enn i same periode i fjor, og det er hovudsakeleg NFR-bidragsaktiviteten som har auka. Dette skuldast i stor grad aktivitet knytt til nasjonal infrastruktur ved Institutt for geovitenskap (GEO), og størst er auken knytt til prosjektet FARLAB som vart tildelt i 2015.

Per februar 2016 kjem 36,0 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 31,3 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnadar GB og BOA per institutt per februar 2016



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved GEO er meir enn 50 % av aktiviteten finansiert av BOA. Ved Institutt for fysikk og teknologi (IFT) er litt under halvparten av aktiviteten finansiert av BOA per februar.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per februar 2016 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr februar 2016	Rekneskap pr februar 2016	Avvik pr februar 2016	Avvik %	Rekneskap pr februar 2015	Endring frå februar 2015
Inntekter frå KD		-600 607	-121 127	-123 618	2 491	2,1 %	-116 200	6,4 %
Andre inntekter		-15 000	-911	-2 278	1 367	150,0 %	-1 646	38,4 %
Inntekter		-615 607	-122 038	-125 896	3 859	3,2 %	-117 846	6,8 %
Investeringar		10 929	639	2 943	-2 304	-360,6 %	1 456	102,2 %
Lønskostnader		472 514	81 634	83 411	-1 777	-2,2 %	79 449	5,0 %
Andre driftskostnader		102 924	8 411	5 622	2 789	33,2 %	7 120	-21,0 %
Internhandel med meir		38 794	9 714	12 314	-2 600	-26,8 %	14 583	-15,6 %
Kostnader		625 161	100 398	104 290	-3 892	-3,9 %	102 607	1,6 %
Driftsresultat		9 554	-21 640	-21 606	-33		-15 239	
Saldo overført frå forrige år		-9 554	-9 554	-9 556	2		-15 821	
Saldo overført til neste periode	0	0	31 194	31 162	31		31 061	
Sum		0	0	0	0		0	

Fakultetet styrer ut frå å gå i budsjettbalanse i 2016, dvs. vi planlegg at overføringa frå 2015 vert nytta, og at det ikkje vert noko overføring til 2017. Det er imidlertid tidleg på året og denne målsetjinga kan måtte justerast etter kvart.

Pr. februar er det eit positivt avvik på inntektene frå KD på nesten 2,5 mill.kr, som kjem av ei periodiseringsfeil i budsjettet. På instituttinntektene er det eit positivt avvik på 1,4 mill.kr, i hovudsak på GEO. Dette avviket ventar vi vil jamne seg ut i løpet av året.

Det har vore høgare investeringar på både Kjemisk institutt (KI) og GEO enn budsjettert så tidleg på året, men det er tatt høgde for investeringane i årsbudsjettet, så det negative avviket på 2,3 mill.kr på investeringar vil jamne seg ut.


På Geofysisk institutt (GFI) er det feil knytt til budsjettperiodisering av arbeidsgivaravgift og budsjettert overføring til 2017. Det negative lønsavviket på 1,8 mill.kr, samt det positive avviket på 2,8 mill.kr på andre driftskostnader kjem av desse periodiseringsfeila.

Det negative avviket på internhandel skuldast forventning om høgare inntekter til eigenfinansiering pr. februar på Institutt for informatikk (II), samt at det har vore lågare inntekter frå frikjøp enn budsjettert, særst hjå Institutt for biologi (BIO).

Samla sett ser vi at dei fleste avvika skuldast tekniske forhold, som må justerast i budsjetta.

Figur 4 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per februar 2016 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per februar ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 4 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per februar og tildeling 2016



På motpart 81 er det samla sett mindre avvik. Pr februar har det blitt skrevet av utstyr for 7,6 mill.kr, medan investeringane har vore på ca. 2,9 mill.kr.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per februar 2016 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Prognose 2016	Årsbudsjett 2016	Budsjett pr februar 2016	Rekneskap pr februar 2016	Avvik pr februar 2016	Avvik %	Rekneskap pr februar 2015	Endring frå februar 2015
Tilskot/Innbetalningar									
	Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-31 438	-55 074	23 637	75,2 %	-57 131	-3,6 %
	EU	-30 000	-30 000	-7 934	-2 400	-5 534	-69,7 %	-1 022	134,9 %
	Andre bidrag	-80 000	-80 000	-9 038	-3 947	-5 091	-56,3 %	-3 547	11,3 %
	Oppdrag	-3 000	-3 000	0	0	0		-350	-100,0 %
	Sum	-343 000	-343 000	-48 410	-61 422	13 012	26,9 %	-62 050	-1,0 %
Aktivitet/kostnader									
	Norges forskingsråd	225 000	225 000	39 365	40 241	-876	-2,2 %	27 047	48,8 %
	EU	41 000	41 000	8 949	6 478	2 471	27,6 %	6 084	6,5 %
	Andre bidrag	94 000	94 000	16 716	11 225	5 491	32,8 %	14 113	-20,5 %
	Oppdrag	4 000	4 000	867	650	217	25,0 %	-406	260,0 %
	Sum	364 000	364 000	65 896	58 593	7 303	11,1 %	46 838	25,1 %
Saldo overført frå forrige år									
	Norges forskingsråd	4 396	4 396	4 396	4 408	-12	-0,3 %	-10 308	-142,8 %
	EU	-25 998	-25 998	-25 998	-25 998	0	0,0 %	-31 055	-16,3 %
	Andre bidrag	-39 036	-39 036	-39 036	-39 036	0	0,0 %	-44 192	-11,7 %
	Oppdrag	-7 078	-7 078	-7 078	-7 078	0	0,0 %	-3 737	89,4 %
	Sum	-67 716	-67 716	-67 716	-67 704	-12	0,0 %	-89 291	-24,2 %
Saldo overført til neste periode									
	Norges forskingsråd	604	604	-12 323	10 426	-22 748	-184,6 %	40 392	-74,2 %
	EU	14 998	14 998	24 983	21 921	3 062	12,3 %	25 992	-15,7 %
	Andre bidrag	25 036	25 036	31 358	31 758	-400	-1,3 %	33 626	-5,6 %
	Oppdrag	6 078	6 078	6 211	6 429	-217	-3,5 %	4 493	43,1 %
	Sum	46 716	46 716	50 230	70 533	-20 303	-40,4 %	104 503	-32,5 %
Sum		0	0	0	0	0		0	

Det er tidleg på året og fakultetet vel å halde prognosane lik årsbudsjett for både aktivitet og innbetalingar inntil vi har meir erfaringar med utviklinga utover i budsjettåret. Som nemnt over vil fakultetet i 2016 gå i gang med ein prosess med mål om å betre treffsikkerheita i prognosane.

Fakultetet har for 2016 budsjettert med at både aktivitet og innbetalingar vert noko redusert samanlikna med rekneskapa for 2015. Rekneskapsført aktivitet enda for 2015 på i underkant av 370 millionar kroner, og fakultetet fekk innbetalingar frå BOA-aktivitet på ca. 348 millionar kroner.


Tabell 2 viser at aktiviteten per februar 2016 er 25,1 % høgare enn på same tid i fjor, og det skuldast hovudsakeleg auke i NFR-bidragsaktivitet ved GEO. Auken er i stor grad knytt til infrastrukturprosjektet FARLAB, som vart tildelt i 2015. Annan bidragsaktivitet er redusert med 20,5 % samanlikna med februar 2015, og reduksjonen er fordelt på dei fleste institutta. Annan bidragsaktivitet og EU-bidragsaktivitet er begge noko lågare enn budsjettert per februar.

Samla innbetalingar er per februar omtrent lik innbetalingar i same periode i fjor, men ca. 13 millionar kroner (26,9 %) høgare enn budsjettert. Avviket frå budsjett skuldast høgare innbetalingar frå NFR-bidragsaktivitet enn budsjettert ved fleire av institutta. Størst er avvika ved BIO og II. Innbetalingar frå EU-bidragsaktivitet og Annan bidragsaktivitet har på den andre sida vore lågare enn budsjettert.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per februar 2016 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	4	124	0	8	0	44	470	0	650
2. NFR - bidragsaktivitet	0	1 485	2 938	8 006	2 231	1 555	4 801	12 125	6 674	428	40 241
3. EU - bidragsaktivitet	0	47	995	1 102	17	0	946	2 535	836	0	6 478
4. Annen bidragsaktivitet	261	410	379	1 812	647	637	789	4 480	1 809	0	11 225
Sum	261	1 942	4 316	11 043	2 895	2 200	6 536	19 184	9 789	428	58 593
Prosent av samla BOA	0,4 %	3,3 %	7,4 %	18,8 %	4,9 %	3,8 %	11,2 %	32,7 %	16,7 %	0,7 %	100,0 %

Figur 5 BOA-aktivitet per institutt per februar 2016 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 5 viser BOA-aktivitet per institutt per februar 2016. Samla aktivitet, NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og annen bidragsaktivitet har alle vore klart størst ved GEO, medan oppdragsaktivitet har vore størst ved BIO.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per februar vore størst aktivitet ved GEO, IFT og BIO, og desse institutta står samla sett for 68,3 % av BOA-aktiviteten ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD overførte ca. 11 mill.kr frå 2016, og melder prognose for overføring til 2017 på 7 mill.kr.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildeling (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerkta tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).